



Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Asbjørn Nagell Toft</i>		
Arkivsaknr.:	15/23	Klassering:	Gbnr - 149/1

Kjøp av areal frå gbnr.149/1 til Austrheim kommune-Vegareal

Vedlegg:

Kjøpsavtale - ny veg til Furuly eldresenter gbnr 149/1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune kjøper omlag 1,5 dekar av gnr. 149 bnr. 1 som areal til ny vegtilkomst til bustadstiftinga Furuly. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 20 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 30.000. Kostnaden på kr. 30.000 vert dekkja frå formannskapet si ekstrabevilgning ansvar 801.

Saksopplysningar:

Austrheim kommune har teke opp med stiftinga Furuly og grunneigar Knut Daae på gnr. 129, bnr. 1 om korleis skuleområdet på Årås kunne verta tryggare for elevane med å leggja om tilkomstvegen hit. Austrheim kommune har no fått på plass ein kjøpsavtale for kjøp av areal frå naboeigedom gnr. 129, bnr. 1 på arealet til Knut Daae. Det er om lag 1500 m2 areal som no kan kjøpast som tilleggsareal for å få på plass ein ny tilkomstveg. Dette vil kunne trygga mjuke trafikkantar i skuleområdet. Dette kjøpet er gjort i nær dialog med grunneigar her og stiftinga Furuly. Formanskapet vart orientert om denne saka hausten 2014 og har uttalt seg positiv til eislik løysing. Planendringa for Årås skule og Austrheim Idrettspark tek også opp dette tilhøvet på ein klar måte.

Kjøpsavtalen ligg opp til at kjøpet og arealoverføring vert betalt med kr 20 pr. kvadratmeter. Oppmålingsforretninga tek seg av den endelege arealutrekninga i kvadratmeter og kor mykje dette utgjør i salssum. Betaling for arealet skjer i samband med oppmålingsforretninga og tinglysinga, begge partar vert då samde kor grensene skal verta i samsvar med denne avtalen. Alt arbeidet og kostnadane med deling, oppmålingsforretning og tinglysing tek Austrheim kommune seg av. Dette er vanleg i slike saker. Austrheim kommune kjøper areal i tråd med kjøpsavtale datert 07.01.2015. Denne kjøpsavtalen trer i kraft etter positivt vedtak i formannskapet i Austrheim. Det står kommunestyre i avtalen, men sidan kjøpesummen er under kr. 100.000 så er dette delegert til formannskapet i denne saka. I underskriven

kjøpsavtale mellom Austrheim kommune og seljar gjort den 07.01. 2015 står det at: «*Om ikkje positivt vedtak er gjort innan 6 månad fell kjøpsavtalen ut*». Avtalen som er underskriven den 07.01.2014 ligg ved saka.

Vurdering:

Rådmannen synes det er positivt at det no er forhandla fram avtale om mellom Austrheim kommune og grunneigar Knut Daae om dette arealet. Rådmannen meiner at prisen på kr. 20 pr. kvadratmeter er naturleg pris for dette arealet. Rådmannen vil peike på at i saker under kr. 100.000 er det formannskapet som gjer vedtak om kjøp, i kjøpekontrakten står det kommunestyret. Kommunestyret har delegert dette til formansskapet, difor kan det stå slik det gjer i underskriven kontrakt.

Det har vore forhandlingar om prisen i denne saka og kva areal som skal kjøpast. Rådmannen er nøgd med at grunneigar her har vore positiv i heile forhandlingsprosessen, og at han er kome til at eit sal her til Austrheim kommune er naturleg. Prisen som som er avtalt i kjøpsavtalen er naturleg for området som skal kjøpast. Rådmannen vil peike på at i gjeldane kommuneplan i området som vart godkjent i 2007 er arealformålet her definert som bustadområde. Rådmannen ser at etter at eit kjøp er på plass formelt må planleggingsarbeidet og kostandskalkyle lagast for å vite kva ny vegtilkomst til eldrestiftinga Furuly vil kosta.

Rådmannen rår til at Austrheim kommune kjøper dette tilleggsarealet i tråd med underskriven avtale mellom partane som vart gjort den 07.01. 2015. Prisen vert om lag kr. 30.000 sidan det følger med om lag 1,5 dekar i kjøpet. Rådmannen rår til at kjøpet vert dekkja frå formannskapet si ekstrabevilgning, ansvar 801. Rådmannen synes det er naturleg at arbeidet med å planleggja ny tilkomstveg til Furuly startar opp med det første. Dette vert det laga eige sak på.

Konklusjon:

Austrheim kommune kjøper omlag 1,5 dekar vegareal av gnr. 149 bnr. 1 med formål ny vegtilkomst til bustadstiftinga Furuly. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 20 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 30.000. Kostnaden på kr. 30.000 vert dekkja frå formannskapet si ekstrabevilgning ansvar 801.

Sakspartar